



Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan Tvildemoen

Varsel om oppstart av offentleg detaljreguleringsplan for brannstasjon, bustadar, park og næring, delar av gbnr 89/29, 89/31, 89/54, 89/55, Voss herad

I medhald av Plan- og bygningsloven (Pbl) §§ 12-3 og 12-8 kunngjer ein med dette igangsetting av arbeid med detaljreguleringsplan for delar av eigedomane gbnr 89/29, 89/31, 89/54, 89/55, Tvildemoen, Voss. Gjeldande reguleringsplan er *Områdereguleringsplan Tvildemoen, planid 123509014*, og det er sett krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for aktuelt område.

Føremålet med planarbeidet

Føremålet er å regulere areal for ein ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen, saman med eit område for sentrumsnære bustadar og park. Brannstasjonen skal òg innehalde funksjonar for Sivilforsvaret.

Tvildemoen skal utviklast til eit sentrumsnært og attraktivt område med sin eigen identitet. Planen skal leggje til rette for ein effektiv brannstasjon med høg funksjonell og estetisk standard.

Brannstasjonen skal auke den opplevingsmessige verdien i området og bidra til områdeidentitet og aktivitet.

Brannstasjonen vert liggjande tett på eksisterande og framtidige bustadar. Planen skal leggje til rette for moglege felles funksjonar mellom brukarane av brannstasjonen og nærmiljøet og balansere brannstasjonens funksjon mot eit bustadområde sine behov og eigenart.

Tvildemoen ligg sentrumsnært, og det er ynskje om å styrke koplinga mot sentrum endå betre. I planen vil det bli fokus på infrastruktur, arkitektoniske uttrykk, offentlege rom og mobilitetsløysingar som kan støtte opp under dette.

I gjeldande reguleringsplan er det opna for å etablere ei mindre daglegvareforretning ($500m^2$ BRA) for å supplere/dekkje det lokale behovet, og dette vil ein sjå vidare på i planarbeidet.

Avgrensing og storleik på planområdet

Førebels omfang av planområdet er vist med raud markering i kartutsnittet. Planavgrensinga kan verte justert og redusert undervegs i planarbeidet.

Eksisterande arealbruk i gjeldande plan er Køyreveg (o_KV), Uteoppahaldsareal (o_UA), Grøntstruktur (o_G) og Bustad/kontor/tenesteyting (BKT)



Figur 1: Førerels omfang av planområde vist med raud markering

Særskilde omsyn og utgreiingsbehov

Det er sett i gang arbeid med å få laga to moglegheitsstudiar. Desse vil bli lagt til grunn for planarbeidet.

Tilhøve knytt til utrykning, døgndrift av brannstasjon, nærleik til bustadar og barnehage, støy , trafikktryggleik er viktige tema og vil bli ein del av det vidare planarbeidet.

Det vert vist til Plan- og bygningsloven og Forskrift om konsekvensutgreiing. Det er vurdert at ny utbygging er i tråd med overordna plan og vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing.
Det vil bli gjennomført ei risiko- og sårbarhetsanalyse som ein del av planarbeidet.

Forslagsstillar og planleggjar

Tiltakshavar er Voss herad, og det vil bli vald plankonsulent i løpet av desember 2022.

Informasjon og medverknad

Varsel om oppstart vert sendt til offentlege høyringsinstansar, naboar og grunneigarar.

Voss herad inviterar til eit **ope informasjonsmøte i Voss barnehage, Regimentsvegen 124, den 19.10.2022 kl 1800**. Alle som ynskjer informasjon om planarbeidet er velkomne!

Eventuelle merknadar til oppstart av planarbeid sendast skriftleg, seinast innan 04.11.2022:

Voss herad v/Prosjekt og utvikling,
Postboks 145,
5701 Voss
Eller på e-post til: postmottak@voss.herad.no